

Reisebrev frå Georgiatur 25.februar – 3.mars 2024

Bakteppe

SFRK har ein avtale om samarbeid, så kalla Twinning-prosjekt eller distriktssamarbeid, for perioden 2019 – 2023. No i 2024 er det tid for å fornye avtalen med Georgia Røde Kors (GRK) for tre nye år, altså perioden 2024 - 2026. Avtalen vår gjeld 6 lokalforeiningar og har i gjeldande periode hatt som fokus:

- Auka internasjonal forståing
- Auka lokal kapasitet
- Støtte til lokale initiativ

Alt med fokus på ungdom og ungdomsutveksling mellom SFR og GRK.

Hensikten med besøket i februar/mars 2024 var å få til ein dialog med GRK om kva som skal vere fokus i den nye avtaleperioden. Dialogen skulle involvere tilsette og frivillige nasjonalt og lokalt. GRK er organisert utan distriktsnivå og det gjer at deira nasjonalkontor involverast meir i det operative og meir i detaljane enn vi er vante med. Lokale ledd er ikkje som hjå oss sjølvstendige einingar med eigen økonomi, så mykje av det administrative og strategiske arbeidet fell på tilsette på nasjonalkontoret i Tbilisi. I nokre høve er det lokalt plasserte tilsette som jobbar med tilrettelegging av frivillig innsats og aktivitet.

Internasjonalt utval på besøk

Heile det internasjonale utvalet var med på turen, representert med alle D-råda og distriktsstyret. Tanken med dette var at det trengs inngåande kunnskap og forståing i arbeidet med Twinning-prosjektet framover, som berre er mogleg å oppnå etter å ha besøk Georgia og treft dei folka vi skal samarbeide med. Desse var med:

- Agnar Aas, leiar
- Einar Målsnes, medlem
- Per Kristian Storevik, distriktsstyret
- Jorunn Selseng Aasen, D-råd omsorg
- Sonja Myrekrok, D-råd hjelpekorps
- Jostein Vedvik, D-råd ungdom
- Hege Anett Seljeset Nygård, D-råd ungdom
- Pål A. Dahl, reiseleiar og sekretær

Frå GRK møtte vi vår faste kontakt Gvantsa Zhgenti og kollegaene Nino Samadalashvili (som har ansvar for utvikling av lokalforeiningane) og Salome Kiladze (som er ein ekstra ressurs for å ordne praktiske ting i høve besøket). Vi helsa på generalsekretær Nino Osepaishvili og også ein kollega som har ansvar for beredskap eller «disaster management» Kakha Mamuladze

Frivillige og frivillige leiarar møtte vi i to ulike lokalforeiningar, Kutaisi og Borjomi.

Besøk på ambassaden

Vi hadde ein dialog med ambassade-sekretær Rebecca Lie i forvegen, og møtte opp heile utvalet og med tre kollegaer frå GRK. Hensikta med besøket på ambassaden var å informera om vårt samarbeid og etablera ein relasjon som kan bli nyttig for alle partar framover. Ambassaden kjenner til eventuelle

andre norske interessantar som vi kan ha felles interesser med, og dei kan hjelpe oss å etablera kontaktar. Det kan også vere mogleg med mindre finansielle bidrag på dei rette prosjekta. Vi fekk også ein samfunnspolitisk oppsummering av korleis ambassaden ser på utviklinga og komande val i Georgia. Status i høve andre norske aktørar er at det er få nordmenn og norske bedrifter/organisasjonar i landet. Men det var eit nyttig og hyggeleg møte med den norske ambassaden i Tbilisi – som også dekkjer Armenia.

Det er val i Georgia i oktober 2024 med val på ny nasjonalforsamling. Viktige saker i valkampen er fordelingspolitikk, forholdet til Russland i høve Abkhasia og Sør-Ossetia og dyrevelferd. Debatten er svært polarisert og populistisk. Forholdet til EU og Nato der Georgia har søker-status er sentralt og satsing på forsvar likeins.

Georgia pregast av migrasjon i alle betydningar av ordet. Det er internt fordrivne frå Abkhasia og Sør-Ossetia, men det er også mange som flytter frå landsbygdene inn til byane og då særleg til Tbilisi. Det er mange arbeidsmigrantar som er kome tilbake frå arbeidsopphald i utlandet etter pandemien og som slit med å bli reintegrert, og det er store kontingentar med flyktningar med behov for beskyttelse frå Russland, Belarus og Ukraina i høve krigen der. [EUAA](#) beskriver i sin Migration Drivers Report august/2022 nærare disse mekanismane og korleis det påverkar Georgia politisk og økonomisk.

Helsingforskomiteen ([Georgia - Den norske Helsingforskomité \(nhc.no\)](#)) beskriver Georgia som eit landet som framleis slit med betydeleg korrupsjon, eit tregt rettsystem, manglande oppgjer etter krigane med Russland som kravde meir enn 100 000 menneskeliv, overgrep og brot på menneskerettar i område kontrollert av Russland og svært krevjande tilhøve for LBHTI-grupperingar.

[ZOIS](#) (Zentrum für Osteuropäische und Internationale Studien) anslår i ein artikkel frå mai/2021 at det i 2017 ble sendt 1,79 milliardar dollar frå gjestearbeidarar tilbake til Georgia, i hovudsak frå landa Russland, Italia, Hellas, USA, Israel, Tyrkia og Tyskland. Talla er nok annleis i dag og særleg har pandemi gjort at mange har måtte reise heim. Men det gjev eit bilete på betydninga av desse pengebidraga i eit land der pensjon i dag er ca 120 dollar eller vel kr. 1200,-

Kutaisi Røde Kors

Kutaisi er ein by med ca 150 000 innbyggjarar og eit lokalt ledd vi kjenner relativt godt – dette var tredje gongen vi var på besøk. Kutaisi Røde Kors har eit godt samarbeid med kommunen på såkalla «home care» som liknar litt på vår heimhjelp der også mange unge frivillige tek del. Dei besøker eldre som sit isolerte og ikkje kjem seg ut av bustaden, og dei har i tillegg eit dagtilbod med aktivitetar for dei som kan kome seg ut. Denne aktiviteten driv dei godt, og deira tilbakemelding på behov framover handlar mykje om pengar til utstyr, men også styrking av eige innsikt om brukarane sine behov. Dei er også opptekne av beredskap og tryggleik i høve sine eldre brukarar.

«Disaster Mangement» i Kutaisi Røde Kors

I 2008 gjekk Georgia till krig å prøvde å ta tilbake Sør-Ossetia. Republikane Sør-Ossetia og Abkhasia har begge ønska sjølvstendigheit frå Georgia etter oppløysninga av Sovjet, og dei har hatt russisk støtte med mykje militært nærvær. Georgia møtte sterk russisk motstand, blei drive tilbake og det endte opp med ein fredsavtale. Dei frivillige i Kutaisi Røde Kors fortel oss at i vakuemet som oppstod blei dei heimsøkt av bandar frå Abkhasia som tok med seg alt dei kom over av utstyr som til dømes køyretøy, samband og feltutstyr. Dei fortel vidare at dei var meir med i første linja under hendingar som del av den lokale beredskapsresponsen før 2008 enn dei er i dag, og at krigen endra mykje.

I dag er altså dei frivillige i Kutaisi **ikkje** til stade i det dei kallar «hot zone» under beredskapshendingar og søk- og redningsoppdrag. Det betyr at dei støttar nødetatane og tilbyr forpleiing, psykisk førstehjelp, transport/logistikk elles både på naturgjevne hendingar og på søk- og redningsoppdrag. Informasjonsarbeid og «etterretning» med utgangspunkt i lokalkunnskap er også tenester dei tilbyr. Lokalforeiningsleiar Nino Avaliani og beredskapsansvarlege Zaali Lomtadze fortel oss at dei har 31 frivillige som kan stille opp på beredskapshendingar.

Førebyggjande arbeid med informasjon om risiko, beredskap og førstehjelp til publikum og på skulane er ein viktig aktivitet som dei definerer som del av «disaster management». Behova framover er knytt til å forsterke desse aktivitetane og då særleg med utstyr som til dømes uniformer som toler varme og regn, samband, førstehjelpsutstyr, feltutstyr (telt, soveposar, liggeunderlag, primus, spisereiskap, lykter osv).

Borjomi Røde Kors

Når vi besøkte Borjomi i 2019 var det ingen pågåande Røde Kors aktivitet i byen, men eit stort ønske om å etablere ein lokalforeining, verve frivillige og starte opp. No i mars 2024 var dei 13 unge og eldre frivillige og lokalforeiningsleiar Khatuna Bagouri som kunne møte oss på dagtid, og stolt fortelje kva aktivitetar dei hadde fått starta opp.

Innafor omsorg er det mykje likt med det vi kjenner til frå Kutaisi og fleire av dei andre lokalforeiningane i vårt samarbeid, men utan dagsenter med aktivitetstilbod. Det er stort sett heimebesøk til isolerte eldre der dei bringer mat og vatn og leverar medisinar. Dette er avgjerande viktig for dei brukarane som mottok denne hjelpa, fordi det er ikkje eit kommunalt apparat som kan ta hand om behova deira. Tradisjonelt er det familien som skal gjere slike oppgåver, men i Georgia er det stor eksport av gjestearbeidarar og studentar ut av landet. Det betyr at dei eldste ofte må klare seg sjølv.

I Borjomi lukkast vi ikkje like godt å få tak i korleis dei vurderte eigne behov i høve fokus og tiltak i neste samarbeidsperiode som i Kutaisi. Men dei var nøgde med at vi går for ein ny 3-årsperiode og at det blir høve til finansiering av små lokale initiativ.

«Disaster management» i Borjomi Røde Kors

Undervegs på turen hadde vi høyrte om «professional volunteer responders» som dei hadde nokre av i Borjomi – og berre der. På møtet dukka det opp to kara i uniform og med distinksjonar som minna om brannmannskap heime hjå oss. I tillegg også Røde Kors frivillige i ein uniform vi ikkje har sett tidlegare, som synte seg var nettopp representantar frå disse «profesjonelle frivillige redningsmannskapa».

I Borjomi har dei fått til eit samarbeid med lokal brann- og redningskorps (kommunalt som hjå oss), der frivillige fekk vere i innsats i «Hot Zone». Dei to framførte brannfolka forklarte korleis dette fungerte og at dei var særst nøgde med samarbeidet. Dei «profesjonelle frivillige» var opplærde av brannfolka og det vi kanskje kan kalle ordinære hjelpekorpsmannskap. På brann- og redningsoppdrag ynskja dei å ha med ei gruppe på seks Røde Kors mannskap som assisterte og var sanitetsfolk for brannmannskapa (berre menn) i innsats.

På søk- og redningsoppdrag fekk dei ikkje vere med, mest pga manglande utstyr. Dei var klare på at det var ynskjeleg å ha dei med også på slike oppdrag, men det var altså personleg utstyr av rett

kvalitet det står på. Gode støvlar, dresser, hjelm, lysutstyr, samband, sekker osv. Fleire i denne gruppa og brannfolka ynskja å besøke oss å få innblikk i korleis vi jobbar, og sjå kva moglegheiter som finnes. Vi prøvde å forklare korleis vi jobba i samvirke med våre naudetatar, men det er krevjande å bli forstått når alt skal oversetjast og ein har avgrensa tid.

Vi inviterte oss på besøk til brannstasjonen og blei sjølv sagt ynskja velkomen. Stasjonen var ny og særers velutstyrt med fire brannbilar der tre av dei var terrenggåande. Vi fant mykje kjent utstyr og fekk også innsyn i det vetle dei frivillige hadde å utstyre seg med før dei skulle i innsats. Behovet for meir personleg utstyr av god kvalitet var lett å sjå.

I nabobyen (same kommune) Bakuriani, som er ein ski-destinasjon, hadde dei meir utstyr for søk etter sakna i skred, sikringsutstyr og utstyr for redning. Her er søk etter sakna skituristar høgst aktuelt og interessa stor for korleis vi organiserte slikt arbeid hjå oss.

Besøket i Borjomi var særers oppløftande for utvalet og det blei diskutert mange tilnærmingar i bussen på veg til lunsjen og også seinare. Kan vi får til eit pilotprosjekt med ein hjelpekorpstilnærming i Borjomi?

Avslutande ord

Reisa kosta totalt ca kr. 150 000,- med ein halvpart på flybilletter og ein halvpart på opphald og mat for utvalet, og ofte var det gjester med på våre lunsjar og middagar. Under måltida blei det høve for alle i utvalet å knytte kontakt og fange opp informasjon og viktige signal. Kvar kveld hadde vi ein uformell samling og delte dagens opplevingar og erfaringar.

Det er 3 Røde Kors distrikt i Noreg som har avtale med Georgia Røde Kors:

- Frå 2016 Sør-Trøndelag RK med lokale ledd: Tbilisi (capital), Dusheti, Rustavi, Marneuli (Kvemo Kartli Region), Sagarejo, Akhmeta (Kakheti Region).
- Frå 2019 Sogn og Fjordane RK med lokale ledd: Kutaisi (Imereti Region), Batumi, Khulo (Autonomous Republic of Adjara), Borjomi (Samtskhe-Javakheti Region), Ozurgeti, Chokhatauri (Guria Region).
- Frå 2024 Agder RK med lokale ledd: Telavi, Kvareli, Signaghi, Lagoidekhi (Kakheti Region), Akhalkalaki (Samtskhe-Javakheti Region), Tianeti (Mtskheta-Mtianeti Region).

Førde 13.mars 2024